



SUNNIVA IRÈN OPPEDAL
Vardane 68
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10493 - 23/961

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2023

Løyve til mindre endring av reguleringsplan for Hilland Vest felt 4 del II. PlanID 1263-200507_01

Vedtak

«Alver kommune godkjenner søknad for mindre endring av reguleringsplan for Hilland Vest felt 4 del II, planID 1263-200507_01, vist på plankart datert 20.12.2022 og med føresegner datert 21.12.2022. Ny plan erstatta delar av eldre plan på staden. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.».

Bakgrunn for søknad

Bakgrunn for søknad for planendringa er tidlegare Lindås kommune ved Plan- og miljøutvalet sitt vedtak datert 6.4.2005 under punkt 2 andre kulepunkt som opnar for at område kan søkast endrast til bustadføremål viss det ikkje vert nytta til offentleg føremål. Planendringa omfatte oppføring av to einebustadar, vidareføring av felles renovasjonsløyving samt vidareføring av stiar og friområde.

Medverknad og planprosess

Søknad om planendring har vore sendt på to begrensa høyringar til offentlege mynde og naboar. Fyrste høyringa var i perioden 8.6.2022 – 30.6.2022 og andre høyringa i tidsrommet 11.10.2022 – 1.11.2022. Forslagsstillar sin kommentar til innspela går fram av merknadsskjema vedlegg 7. Uttaler og merknad ligg i sin heilheit på saka under vedlegg 8.

Vurdering

Kommunen stiller seg bak forslagsstillar sine plangrep i saka, og vurderer at endringar som er gjort i søknaden etter to rundar med høyringar følg opp innkomne innspel på ein tilfredsstillande måte.

Kommunen vurderer det slik at endringane ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrige, at dei ikkje vil gå ut over hovuddrammene i planen og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen vurderer at endringane er så små at dei fell inn under planendringar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. pbl § 12 -14 og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement. Kommunen har vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for

naboar i og utanfor planområdet. Kommunen kan heller ikkje sjå at planendringa vil råka statlege- og regionale føringar og interesser.

Om klage og verknad av plan

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. pbl § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunnjevast og skal stilast til Alver kommune si plan og byggesaks avdeling ved følgjande adressat: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til post@alver.kommune.no

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl § 12-4. Det vert og vist til pbl §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1.Plankart_20.12.2022
- 2.Føresegner_21.12.2022
- 3.Planbeskrivelse_20.12.2022
- 4.ROS-analyse_6.9.2022
- 5.Støyutredning_14.9.2022
- 6.Illustrasjonsplan_20.12.2022
- 7.Merknadsskjema_20.12.2022
- 8.Uttaler og merknad_2022

Mottakarar:

BELINDA DYRDAL TELLEVIK	VARDANE 113	5911	ALVERSUND
Bkk Nett	Postboks 7050	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
KARIN SÆBJØRNSEN	Vardane 87	5911	ALVERSUND
NGIR	Kjevikdalen	5956	HUNDEVIN
RAYMOND KROKEIDE	VARDANE 64 A	5911	ALVERSUND
SONJA-HELEN HØYVIK	VARDANE 66	5911	ALVERSUND
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
SUNNIVA IRÈN OPPEDAL	Vardane 68	5911	ALVERSUND
SVEIN OVE FJELLENDE	Vardane 87	5911	ALVERSUND
SVENN OVE DYRDAL TELLEVIK	VARDANE 113	5911	ALVERSUND
TRUDE CHRISTIN HODNELAND	VARDANE 89	5911	ALVERSUND
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

ØYVIND DUESUND LERVAAG

Vardane 68

5911 ALVERSUND